

# **Barnets beste-vurdering, vurdere-vekte-vise.**

## **Korleis vurdere?**

Behova og føresetnadene til barnet er utgangspunktet for korleis ein skal vurdere kva som er til det beste for barnet.

Moment i vurderinga av det beste for barnet kan vere:

- Barnet sine synspunkt og meiningar.
- Identitet, personlegheit og eigenskapar.
- Familiemiljø og nære relasjonar.
- Barnet sin rett til vern, omsorg og tryggleik.
- Barnet sin sårbarheit.
- Barnet si fysiske og psykiske helse.
- Barnet sin rett til utdanning, helsehjelp osv.

Situasjonen det gjeld vil avgjere kva for moment som er mest relevante, men alle momenta må bli teke omsyn til. Andre moment enn desse som er lista opp her kan også vere relevante.

## **Kor stor vekt skal man legge på barnet sitt syn?**

Synspunkta til barnet skal bli tillagt vekt i tråd med barnet sin alder og modenheit. (FNs barnekonvensjon artikkel 12). Å lytte til barnet sitt syn kan vere noko anna enn å vurdere kva som er til det beste for barnet.

Moment i vurderinga av kor stor vekt ein skal legge på barnet sitt synspunkt kan vere:

- Barnet sin alder og modenheit.
- Kor sterke ønskje barnet har.
- Om dette er eit ønskje barnet har helde fast på over lengre tid.
- Kva type spørsmål det gjeld.
- Om barnet har forståing for konsekvensane av ønskje sitt.

## **Vekting av ulike moment:**

Korleis saksbehandlar vurderer kva som er til det beste for barnet, samsvarer ikkje nødvendigvis med kva barnet sjølv fortel eller kva foreldra ønskjer. Det må gjerast ei sjølvstendig vurdering basert på fagleg kompetanse av kva tiltak som er til det beste for kvart enkelt barn. Dei ulike momenta på til slutt bli vekta mot kvarandre.

## **Vise**

Konklusjonen, tiltaka, målsettingane osv. må vise kva for moment som er tillagt mest vekt og kvifor dette er til barnet sitt beste.